



# VOLDA KOMMUNE

Det kongelige kommunal-og regionaldep.

Postboks 8112  
0032 Oslo

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2008/499	3362/2008	020	SVK/ AKE	28.04.2008

## MELDING OM POLITISK VEDTAK - FORVALTNINGSREFORM - HØYRINGSNOTAT

Vi melder med dette frå at Kommunestyret den 24.04.08, hadde føre ovannemnde som sak 55/08, der det vart gjort slikt vedtak:

*Volda kommunestyre viser til saksutgreiinga og sluttar seg til administrasjonssjefen sine merknader med fylgjande merknader/tillegg;  
Forsøket med einskapsfylke har hatt positiv effekt for samhandling, ressursutnytting, innovasjon og regional utvikling i Møre og Romsdal. Volda kommune viser til at Stortinget har opna for ei vidareføring og vidareutvikling av einskapsfylkemonellen der det er regionalpolitisk vilje til det. Volda kommune ønskjer å vidareføre einskapsfylkeforsøket, også etter 2010, men då gjerne som eit nytt forsøk der det vert overført fleire oppgåver til regional folkevalt styring. Den politiske dimensjonen i forsøket må styrkast. Det må også vere mogleg å ta ut ein administrativ effektiviseringsgevinst lokalt.*

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

*Anne-Karin Egseth*  
Anne-Karin Egseth  
sekretær

Kopi til:  
Per Ernst Lundberg

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Per Ernst Lundberg	Arkivsak nr.:	2008/499
		Arkivkode:	020

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
18/08	Forvaltningsstyret	08.04.2008
55/08	Kommunestyret	24.04.2008

## FORVALTNINGSREFORM - HØYRINGSNOTAT

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda kommunestyre viser til saksutgreiinga og sluttar seg til administrasjonssjefen sine merknader.*

### **Handsaming:**

Lars Barstad kom med slikt framlegg til vedtak:

*Volda kommunestyre vil be Stortinget velge ein forvaltningsmodell der ein går vekk frå tre forvaltningsnivå. Volda kommunestyre meiner at Stortinget bør legge fleire av dei no fylkeskommunale oppgåvene til kommunane.*

### **Røysting:**

Lars Barstad sitt framlegg til vedtak fekk 2 røyster og fall. 5 røysta mot. Administrasjonen si tilråding fekk 5 røyster og vart vedteke.

### **Tilråding i Forvaltningsstyret - 08.04.2008 til kommunestyret:**

*Volda kommunestyre viser til saksutgreiinga og sluttar seg til administrasjonssjefen sine merknader med fylgjande merknader/tillegg:*

## **Handsaming:**

Ragnhild Aarflot Kalland, SP, kom med fylgjande framlegg:

*Volda kommune viser til saksutgreiinga og sluttar seg til administrasjonssjefen sine merknader.*

*Forsøket med einskapsfylke har hatt positiv effekt for samhandling, ressursutnytting, innovasjon og regional utvikling i Møre og Romsdal. Volda kommune viser til at Stortinget har opna for ei vidareføring og vidareutvikling av einskapsfylkemodellen der det er regionalpolitisk vilje til det. Volda kommune ønskjer å vidareføre einskapsfylkeforsøket, også etter 2010, men då gjerne som eit nytt forsøk der det vert overført fleire oppgåver til regional folkevalt styring. Den politiske dimensjonen i forsøket må styrkast. Det må også vere mogleg å ta ut ein administrativ effektiviseringsgevinst lokalt.*

Frp v/Lars Barstad kom med fylgjande framlegg:

*Volda kommune konstaterer at regionsreformas opprinnelege intensjon ikkje har vore gjennomførbar. Reforma vert såleis berre eit namnebyte. Det mest fornuftige vil vere å legge ned fylkeskommunane, fordele oppgåvene mellom stat og kommune. Då tek vi bort eit stort byråkrati og lettar skattebetalarane si byrde.*

*Stortingsmeldinga om nye regionsgrenser vil, etter Volda kommune si oppfatning ikkje verte utarbeidd. Dette aktualiserer spørsmålet om ei kommunereform der kommunane får auka makt og sjølvbestemmelse.*

*Den einaste oppgåva Fylkeskommunen er tiltenkt er overkommune i plan og arealsaker.*

*Dette betyr at det lokale sjølvstyre vert endå meir svekka. Volda kommune vil peike på intensjonen om å desentralisere makt og mynde. Fylkeskommunen si tiltenkte rolle i denne samanheng er brot på intensjonen om kommunalt sjølvstyre.*

*Skal fylkeskommunane overta vedlikehaldet på dei nye regionvegane meiner Volda kommune at det må leggest til grunn eit finansieringssystem der statens vedlikehalds etterslep vert teke i igjen.*

## **Røysting:**

Framlegget frå Frp v/Barstad fekk 8 røyster og fall. 19 røysta mot.

Framlegget frå Ragnhild Aarflot Kalland fekk 14 røyster og vart vedteke. 13 røysta mot.

*Tilrådinga frå formannskapet vart difor ikkje røysta over.*

## **Vedtak i Kommunestyret - 24.04.2008**

*Volda kommunestyre viser til saksutgreiinga og sluttar seg til administrasjonssjefen sine merknader med fylgjande merknader/tillegg;*

*Forsøket med einskapsfylke har hatt positiv effekt for samhandling, ressursutnytting, innovasjon og regional utvikling i Møre og Romsdal. Volda kommune viser til at Stortinget har opna for ei vidareføring og vidareutvikling av einskapsfylkemodellen der det er regionalpolitisk vilje til det. Volda kommune ønskjer å vidareføre einskapsfylkeforsøket, også etter 2010, men då gjerne som eit nytt forsøk der det vert overført fleire oppgåver til regional folkevalt styring. Den politiske dimensjonen i forsøket må styrkast. Det må også vere mogleg å ta ut ein administrativ effektiviseringsgevinst lokalt.*

### **Vedleggsliste:**

1. Brev av 26.2.08 frå Kommunal- og regionaldepartementet
2. Vedtak i kommunestyret sak 22/06, 30.3.06
3. Utskrift av møtebok kommunestyret sak 40/07, 30.5.07
4. NTB-melding av 25.2.08

### **Uprenta saksvedlegg:**

[www.regjeringen.no/nb/dep/krd/pressesenter/pressemeldinger/2008/forvaltningsreforma-pa-hoyring.html?id=501715](http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/pressesenter/pressemeldinger/2008/forvaltningsreforma-pa-hoyring.html?id=501715)

### **Samandrag av saka:**

Det tykkjest klart at Regjeringa har gått bort frå tanken om få og store regionar i Noreg, og heller vil satse på fylka når det gjeld Forvaltningsreforma. Det er no sendt ut eit notat om forslag til oppgåver for dette regionale folkevalde nivået.

### **Saksopplysningar:**

Regjeringa og Stortinget er samde om at landet skal ha tre forvaltningsnivå: Stat, region, kommune. Det tykkjest etter kvart klart at regjeringa har gått bort frå dei store vyer om å dele inn landet i 9 store regionar, men heller satse på det dei kallar den "forsterka fylkesmodell"- med om lag same tal fylke som i dag, jfr. vedlagde NTB-melding av 25.2.08, jfr. vedlegg 4.

Kommunestyret har i tidlegare saker kome med fråsegn i høve forvaltningsreforma, først i k-sak 22/06, 30.3.06, vedlegg 1, der det vart gjeve fråsegn om ansvarsoppgåver til regionalt og lokalt nivå, og i sak 40/07, der regioninndelinga vart drøfta, men der kommunestyret ikkje klarte å einast om eit fleirtalsvedtak, jfr. vedlegg 2.

Kommunen har motteke brev av 26.2.08 frå Kommunal- og Regionaldepartementet (KRD) der det blir bede om evt. fråsegn til høyringsnotat om forslag til nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået (altså fylka).

Regjeringa og Storting står etter handsaming av St.meld. nr. 12 (2006-2007) fast på at oppgåver skal overførast frå staten til dei to andre folkevalde nivåa: fylka og kommunane. Høyringsnotatet omhandlar hovudsakleg overføring av oppgåver frå stat til fylke.

I følgje KRD skal forvaltningsreforma bidra til å realisere følgjande mål:

*"-Et forsterket folkestyre og demokrati på lokalt og regionalt nivå gjennom desentralisering av makt og myndighet og klar ansvarsdeling mellom forvaltningsnivåene*

*- En mer samordnet og effektiv offentlig forvaltning ved at ulike sektorer ses i sammenheng innenfor den enkelte region*

*- Verdiskaping og sysselsetting basert på lokale og regionale fortrinn og forutsetninger, som sikrer det framtidige grunnlaget for velferden i samfunnet*

*- Effektiv ivaretagelse av nasjonale mål som for eksempel bærekraftig utvikling, likeverdige tjenestetilbud og rettssikkerhet for den enkelte.*

I det høyringsnotatet som no er sendt ut, er det laga ei oppsummering av dei oppgåver som er foreslått overført til regionalt folkevald nivå. KRD ber om at høyringsinstansane

kommenterer forslaga i høve til kva departement fråsegna refererer seg til. Eg vil i det etterfølgjande ta inn KRD sitt forslag, og så kommentere desse.

***Oppgåver på Fiskeri- og kystdepartementet sitt område:***

”Regionene vil få ansvar for tildeling av alle ordinære akvakulturtillatelser på aktørnivå innenfor egen region, klarering av lokaliteter samt å fremme eventuelle innsigelser på vegne av havbruksinteresser til kommunale (kystsoner)planer. Innenfor havressursforvaltningen skal regionene anvende og fordele regionens andel av skolekvoter, på grunnlag av statlig fastsatte rammevilkår og kvotefordeling. Regionene skal også overta oppgaven med å innvilge fellingstillatelser på kystsel, registrere antall felte dyr etc. Regionene vil også få myndighet til å gi lokale fiskerireguleringer innenfor gitte rammer. Dessuten vil regionene bli ansvarlige for utvikling av kriterier for deltakelse i og utøvelse av fisket etter kongekrabbe.”

**Mine kommentarar:**

Dette er oppgåver som det regionale nivået (fylka) heilt klart kan ta.

***Oppgåver på Kunnskapsdepartementet sitt område***

”Enkelte oppgaver innen informasjon, veiledning og kvalitetsutvikling som fylkesmennene utfører på grunnopplæringsområdet skal overføres til regionene. Hvilke konkrete oppgaver regionene kommer til å ivareta vil bl.a. avhenge av hvilke statlige satsingsområder som defineres framover. Dagens oppgaver er knyttet til nasjonalt kvalitetsvurderingssystem, kvalitetsutvikling, kompetanseutvikling samt informasjon og veiledning til kommuner, eiere av friskoler og allmennheten om innhold, prinsipper og mål i den nasjonale utdanningspolitikken. Regionenes funksjon foreslås nedfelt i en generell bestemmelse i opplæringsloven. Regionenes oppgaver vil bli definert nærmere gjennom forskrift eller på annen måte.

Regionene får et generelt ansvar for å sørge for at det finnes et tilbud av godkjent fagskoleutdanning i regionen, som tar hensyn til lokalt, regionalt og nasjonalt kompetansebehov innenfor prioriterte samfunnsområder. Regionene vil stå fritt til å avgjøre om fagskoletilbudet i regionen skal realiseres i egen regi eller gjennom finansiering av private tilbydere. Fagskoleloven må endres for å ivareta dette.

I tillegg blir universitets- og høyskoleloven foreslått endret for å ivareta Kommunal- og forvaltningskomiteens merknad om at regionene bør oppnevne to av de eksterne styrerepresentantene ved høyskolene.

Etablering av regionale forskningsfond skal supplere de nasjonale FOUvirkemidlene. Det er lagt til grunn at de regionale fondene skal opprettes med virkning fra 1.januar 2010. Det er avkastningene av fondene som skal benyttes. Samlet størrelse på fondene og regional fordeling av fondsmidler behandles som sak i den ordinære statsbudsjettprosessen. Norges Forskningsråd har på oppdrag fra Kunnskapsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet utredet innretningen på de regionale forskningsfondene. Rapportens sammendrag følger som vedlegg til dette høringsnotatet.”

**Mine kommentarer:**

Dette er oppgaver som det regionale nivået (fylka) heilt klart kan ta.

***Oppgaver på Kultur- og kyrkjedepartementet sitt område***

”I Innst. S. nr. 166 (2006-2007) forutsettes det bl.a. at ”regionene bør få det fulle ansvaret for å forvalte spillemidlene til kulturbygg og til lokale og regionale idrettsanlegg”. En slik endring vil kunne få konsekvenser for fordelingsystemet, og må derfor ses i sammenheng med en varslet gjennomgang av kriteriene for fordeling av spillemidler til idrettsanlegg. Dette arbeidet vil trolig være ferdigstilt medio 2009.

Fra og med 2010 vil midlene til regionale kulturbygg bli kanalisert inn i den desentraliserte ordningen for kulturhus etter hvert som disse blir fristilt fra pågående prosjekter. Vurdering av hvilke av Norsk kulturråds oppgaver som kan legges til regionalt nivå vil bli foretatt så snart Stortinget har vedtatt geografisk inndeling for det regionale nivået. Av øvrige oppgaver på Kultur- og kirke departementets område nevnes at regionene skal få ansvaret for oppnevning av styreleder og eventuelt noen eller alle av styremedlemmene til region-/landsdelsinstitusjonene og knutepunktinstitusjonene.”

**Mine kommentarer:**

Dette er oppgaver som det regionale nivået (fylka) heilt klart kan ta.

***Oppgaver på Landbruks- og matdepartementet sitt område***

”St.meld. nr. 12 (2006-2007) varsler en gjennomgang og vurdering av fylkesmannens oppgaver på landbruks- og matområdet. Denne gjennomgangen er foretatt. Fylkesmannen har en sentral rolle som utviklingsorgan og er en viktig aktør for å følge opp de nasjonale landbrukspolitiske målene i det enkelte fylke. Videre er fylkesmannen kompetansesenter for kommunene, fører kontroll med tilskuddsordningene (som forvaltes av kommunene), er saksforberedende organ for fylkeslandbruksstyret og er aktiv i samfunnsplanleggingen.

Regjeringen er opptatt av å styrke ansvar og samordning av regional næringsutvikling. I den forbindelse vil regjeringen vurdere overføring av forvaltningen av bygdeutviklingsmidlene knyttet til tilrettelegging og utvikling, samt de funksjoner fylkesmennene har i verdiskapingsprogrammene fra fylkesmennene til det regionale folkevalgte nivå. Allerede i dag er det et tett samarbeid mellom fylkeskommunene og fylkesmennene gjennom det regionale partnerskapet og arbeidet med regionale utviklingsprogram. Det vil bli gjort en vurdering av hvordan samspillet på området kan effektiviseres og målrettes. Samtidig er det viktig å sikre et tilfredsstillende kompetansemiljø på landbruks- og matområdet regionalt.

Regjeringen har gjennom hele prosessen hatt som utgangspunkt at det skulle skje betydelige oppgaveoverføringer både på miljøvern- og landbruks- og matområdet.

St.meld. nr. 12 (2006-2007) la til grunn at de fleste oppgavene fra disse sektorene

skulle overføres, men at det imidlertid skulle vurderes nøye i hvert enkelt tilfelle og skje på en måte som sikret mulighetene til å nå nasjonale politiske mål og internasjonale forpliktelser på områdene. Dette vektla også Stortinget i sin behandling av saken, jf. Innst. S. nr. 166 (2006-2007).

I forbindelse med gjennomgangen av oppgavene på miljøvernområdet har Regjeringen besluttet at forvaltningsansvaret for områdevernet skal avgjøres som en del av arbeidet med ny naturmangfoldlov som etter planen skal legges fram i løpet av 2008.

Spørsmål om overføring av forvaltningen på landbruksområdet må etter Regjeringens syn ses i sammenheng med den løsning som velges for overføring av forvaltningen på miljøområdet.”

#### **Mine kommentarer:**

Forslaget inneber ei arbeidsdeling mellom fylka og fylkesmennene. Det er ei svakheit med høyringsnotatet at det ikkje tek opp til drøfting Møre og Romsdal si organisering i det såkalla ”einingsfylke”, der Fylkesmannen er redusert til ”seremonimester”. Det kan virke som at departementet vil teie dette forsøket i hel, og det har eg for så vidt ingen ting i mot. Eg meiner at det må vere lik organisering i kvar region, og det er tydeleg at Regjering og Storting ikkje ynskjer ei ordning med ”einingsfylke”, men heller ei deling av oppgåver og ansvar mellom det folkevalde nivået og Fylkesmannsembetet som kontroll og rettleiingsinstans. Dette er eg samd i.

Elles støttar eg forslaget frå KRD.

#### ***Oppgåver på Miljøverndepartementet sitt område***

”Det er foretatt en gjennomgang av fylkesmannens oppgaver på miljøområdet, i samsvar med det som ble varslet i stortingsmeldingen. Oppgaveporteføljen i fylkesmannens miljøvernavdeling er knyttet til forvaltningsoppgaver etter forurensningsloven, naturvernloven, vannforvaltningsforskriften, forvaltning av både høstbare og truede/sårbare arter, jakt- og fiske samt allment friluftsliv. Dessuten har fylkesmannen en rekke oppgaver tilknyttet klagebehandling, innsigelse til arealplaner, tilsyn og kontroll. De sistnevnte oppgavene er ikke aktuelle for overføring til folkevalgte regioner. Fylkesmannens oppgaver knyttet til bevaring av innlandsfisk/høstbare viltarter og jakt/fiske på disse artene samt oppgaver med å tilrettelegge og ivareta allment friluftsliv skal overføres til regionene. Det samme gjelder vannregionmyndighet etter forskrift om vannforvaltning. Slik myndighet er nå lagt til 9 av fylkesmannsembetene. Vannforvaltningsforskriften må endres som følge av denne omleggingen. I tillegg får regionene en styrket rolle i regional planlegging og i forhold til klimautfordringen.

Oppgavene tilknyttet forurensningsfeltet forutsettes beholdt hos fylkesmennene siden det arbeides med en omlegging fra enkeltkonsesjoner til forskriftsfestede standardkrav, noe som innebærer at fylkesmannens oppgaver i hovedsak blir å føre tilsyn med aktørene.

Fylkesmennene skal også fortsatt ha ansvaret for regionale oppgaver innen truede og sårbare arter (bl.a. rovvilt).

Spørsmålet om plassering av forvaltningsansvaret for områdevernet er utsatt og skal avgjøres som en del av arbeidet med ny lov om naturmangfold. Denne skal etter planen legges fram for Stortinget i løpet av 2008. Loven skal sikre at hensynet til ulike deler av naturvernet ivaretas.”

**Mine kommentarer:**

Eg viser til kommentaren ovanfor i høve oppgaver på Landbruks- og matdepartementets område.

Elles støttar eg forslaget frå KRD.

***Oppgaver på Nærings- og handelsdepartementet sitt område***

”Innovasjon Norge skal videreføres som et nasjonalt særlovsselskap med kontorer regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Regionene skal samlet eie inntil 49 % av selskapet. Dette vil bli tatt inn i loven om Innovasjon Norge. Regionene forutsettes å ha like stor eierandel hver, totalt 9,6 mill. kroner (statens innskudd skal fortsatt være 10 mill. kr.) En slik endret eierstruktur krever flere lovendringer av overordnet karakter, mens vedtektene skal inneholde de mer detaljerte bestemmelsene.

Vedtektene vil bl.a. regulere regiontingets rett til å oppnevne to representanter direkte til de regionale styrene, organisering av hovedstyrevalg og etablering av valgkomité m.v.

Det legges opp til at SIVA kan opprette regionale innovasjonsselskaper sammen med regionene og eventuelt andre interessenter med regionale mål. SIVA bør være minoritetseier i selskapene og i utgangspunktet eie om lag 1/3 som på sikt kan reduseres til 1/5. For at selskapene skal ha tilstrekkelig innovasjons- og investeringskapasitet må både SIVA og regionene gå inn med et kontantinnskudd i tillegg til overføring av eierandeler i eksisterende selskaper regionalt.”

**Mine kommentarer:**

Eg støttar framlegget frå KRD.

***Oppgaver på Samferdselsdepartementet sitt område***

”Det er utarbeidet forslag til prinsipper for klassifisering av stamveier og (fremtidige) regionale veier. Disse presenteres i kapittel 4 i dette høringsnotatet. Statens bevilgninger til de nye regionvegene skal inngå i rammetilskuddet. Endelig klassifisering og fordeling av midler vil bli nærmere utredet og avgjort etter at tallet på regioner er avklart. Omfanget av statlige føringer og konkrete forslag om lovendringer vil også bli utredet etter at antallet regioner er bestemt. Saken vil bli presentert for Stortinget så snart som mulig etter dette.



Ut fra de foreslåtte kriteriene vil regionene i en forsterket fylkesmodell ha ansvaret for ca. 80 pst av det offentlige vegnettet (utenom kommunalt vegnett). Ved store regioner vil kriteriene medføre at litt flere av øvrige riksveger blir overført til regionene. Når det gjelder behov for statlige føringer vil disse særlig være knyttet til enhetlig standard for drift, vedlikehold og investeringer, trafiksikkerhet, beredskap og Forsvarets behov.

Ved forsterket fylkesmodell skal Statens vegvesen beholdes samlet, men enkelte oppgaver innen planlegging etter plan- og bygningsloven og konkret planlegging og drift av kollektivtransport overføres til fylkeskommunene. I en regionmodell vil hoveddelen av Statens vegvesen sine oppgaver kunne overføres til regionene, utenom fagområdene tunnel, bru/ferjekai, vegtrafikksentralene, transportanalyser, forskning og utvikling, internasjonalt arbeid og byggherreansvaret for stamveger, samt sentralfunksjoner innen fagområdene planlegging, trafikkdata, trafiksikkerhet, byggherre, geodata og miljø. Uansett modell for regional inndeling legger regjeringen til grunn at trafikant og kjøretøyområdet (omtalt som trafikkstasjoner i stortingsmeldingen) fortsatt skal være statlig. Regionene skal få sterkere innvirkning på lokalisering av trafikkstasjonene.”

#### **Tilleggsopplysninger:**

Samferdsel er eit sær s viktig tema, og eg vel å ta med ein del utfyllande frå høyringsnotatet:

- *Luftfart:* Det går fram av notatet at Avinor AS skal drive lufthamnene, og at samferdselsedepartementet framleis skal administrere og finansiere ordninga med offentlig kjøp av flyrutetenester etter anbod for å sikre tilfredstillande ruteflytransport på dei regionale lufthamnene ( t.d. Ørsta/Volda Lufthamn, Hovden)
- *Ferjesamband:* I notatet går følgjande fram: ”Ferjesamband bør klassifiseres som den vegen de er en del av. Det innebærer at ferjesamband på regionveger bør være regionvegferjesamband, og ferjer på stamveg bør være stamvegsamband. Dersom et ferjesamband går mellom stamveg og øvrig riksveg, er ferjesambandet normalt et øvrig riksvegferjesamband i dag, og disse vil i framtiden som hovedregel være regionvegferjesamband. Det er i dag 95 riksvegferjesamband, hvorav 12 er stamvegferjesamband.”
- *Om vegnettet:* ”Overføring av øvrig riksvegnett tilsier at regionalt nivå får mer innflytelse over samferdselspolitikken og at staten får tilsvarende mindre. Fra regionenes synspunkt er dette en fordel fordi regionenes mulighet til å prioritere helhetlig innenfor vegsektoren, mellom vegsektoren og andre deler av transportsektoren og mellom transportsektoren og andre sektorer øker. Ulempen er at Stortingets og regjeringens innflytelse på det øvrige riksvegnettet reduseres. Dette kan imidlertid påvirkes gjennom fastsettelse av nasjonale mål og statlige føringer knyttet til det regionale vegnettet. Regionene vil således som myndighet for regionalt vegnett måtte påregne å ta et betydelig ansvar for at nasjonale mål innenfor trafiksikkerhet, bærekraftig utvikling m.m. blir nådd.”

#### **Mine kommentarer:**

Samferdsel er viktig for distriktsutviklinga, og regional prioritering av vedlikehald og nyanlegg av vegar kan vere særskilt utfordrande for regionalt folkvald nivå. Men eg trur det er viktig at dette skjer regionalt. Det same gjeld for ferjedrifta. Derimot er eg samd i at staten v/samferdselsdepartementet framleis må ha ansvar for å administrere og finansiere ordninga med offentleg kjøp av flyrutetjenester etter anbod for å sikre tilfredstillande ruteflytransport på dei regionale lufthamnene.

### ***Oppgåver på Helse- og omsorgsdepartementet sitt område***

"I Kommunal- og forvaltningskomiteens innstilling til Stortinget framgår følgende, jf. Innst. S. nr 166 (2006-2007):

"Flertallet mener de nye regionenes ansvar innenfor folkehelsearbeidet bør forsterkes i forhold tildet ansvar fylkeskommunene har i dag. Rollen som regional pådriver og samordner må styrkes.

Flertallet viser til at folkehelsearbeidet er et tverrfaglig satsningsområde, men også en disiplin som krever egen fagkompetanse. Flertallet mener at feltet kan betraktes som et selvstendig virksomhetsområde i det regionale utviklingsarbeidet. Regionenes rolle bør tydeliggjøres med hensyn til innhold, forventninger og økonomiske rammevilkår. Flertallet konstaterer at en eventuell flytting av oppgaver innenfor folkehelsefeltet ikke i særlig grad er vurdert i utarbeidelsen av St. meld. nr. 12 (2006-2007).

Flertallet ber om at det blir utredet å la folkehelsearbeidet gå over fra en frivillig til en ordinær oppgave for det regionale folkevalgte nivået."

Helse- og omsorgsdepartementet legger opp til en egen prosess for å følge opp Kommunal- og forvaltningskomiteens merknad og vurdere å forankre folkehelsearbeidet som en ordinær oppgave, jf. Innst. S. nr 166 (2006-2007).

Dersom folkehelsearbeidet skal forankres som en ordinær oppgave for regionene, må dette gjøres gjennom lov. Utredningsarbeidet vil bli ledet av departementet, og det tas sikte på å involvere berørte parter i prosessen: Sosial- og helsedirektoratet, representanter for dagens fylkeskommuner og kommunesektoren for øvrig, landets fylkesmenn, Statens helsetilsyn og berørte faginstanser. De mest berørte departementer vil også bli invitert med i arbeidet. Helse- og omsorgsdepartementet tar sikte på å sende ut et høringsnotat om saken i løpet av 2008.

Som ledd i lovarbeidet vil erfaringer fra partnerskap for folkehelse regionalt og lokalt bli systematisert. Erfaringer fra hvordan arbeidet er forankret og organisert i fylker og kommuner vil være nyttige i dette arbeidet.

Det er forventninger til at høringsinstansenes merknader til dette høringsnotatet vil gi viktige innspill til prosessen i regi av Helse- og omsorgsdepartementet."

### **Mine kommentarer:**

Volda kommune har sidan 2004 delteke i partnerskapet "God Helse" i Møre og Romsdal og heilt frå 1993 i Norsk Nettverk av Helse og Miljøkommuner. Vidare har kommunen sidan 2006 vore med i prosjektet "Helse i plan", der vi ser på korleis plan- og bygningslova og plansystemet kan brukast som eit virkemiddel for å styrke folkehelsearbeidet.

Våre erfaringar så langt både når det gjeld "Helse og Miljøarbeidet (frå 1993), "God Helse" (frå 2004) og "Helse i plan" (frå 2006) er at den lokale forankringa og kompetansen er avgjerande for gode resultat. Eg meiner såleis at fylkeskommunane gjerne må ha ei koordinerende rolle, men skal folkehelsearbeidet gje fruktbare resultat, må kommunane tilstila ressursar slik at ein kan ha tilsett kompetent personell som kan drive folkehelsearbeidet i praksis der folk bur og arbeider og i samspel med desse, slik Volda har gjort sidan 2004.

### **Vurdering og konklusjon:**

I forvaltningsreforma er det viktig og avklare ansvarsfordeling og samhandling mellom dei tre nivåa. Reforma inneber betydelig overføring av viktige samfunnsoppgåver til fylkeskommunane (regionane). Reforma vil innebære at kommunane i større grad enn i dag (og i forhold til fylkeskommunane), vil forholde seg til regionane og motsett: Regionane må i sterkare grad enn i dag ha god dialog og kontakt med kommunane på viktige område.

Eg føreset at oppgåvefordelinga gjort så klar, at kommunane si rolle som utøvar av etablerte og nye tenester ikkje vert "filtrert" av regionen (fylket). I KS- rapporten "Kommunene og fovaltningsreformen" frå 2006 står m.a. følgjande:

*"Regjeringserklæringen fastholder nærhetsprinsippet som hovedprinsipp for organisering av tjenester i offentlig sektor. Dette innebærer at oppgaver skal løses på lavest mulig hensiktsmessig forvaltningsnivå. Kommunesektoren vil dermed høyst sannsynligvis øke porteføljen også i årene som kommer, snarere enn å redusere den.... Parallelt med en gjennomgang av dagens oppgavefordeling, må en vurdere styringsforholdet mellom staten og kommunesektoren og krav til samhandling mellom regionene, regional stat og kommunen for å videreutvikle det lokale folkestyret, tjenesteproduksjon og samfunnsutvikling lokalt."*

### **Helse og miljøkonsekvensar:**


Eit sterkare fokus på folkehelse både regionalt og lokalt er særst positivt. Betra folkehelse vil gje ein sterkare og meir robust samfunnsstruktur, og ikkje minst vere ein føremøn for den einskilde til å både å trivast i og kunne meistre kvardagen.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Ei endring av oppgåvefordelinga føreset at oppgåvene er fullfinansiert, dvs. at det vert sett av naudsynnte ressursar frå staten si side både til regionane (fylkeskommunane) og kommunane.

### **Beredskapsmessige konsekvensar:**

Eg føreset at Direktoratet for Samfunnsikkerhet og Beredskap syter for vurdering av notatet i høve den beredskapsmessige side generelt. Lokalt/regionalt. er det viktig at den sivile beredskapen vert oppretthalde, og då med ein styrka Fylkesmann som lei



Jarle B Krumsvik  
adm. sjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

KRD

KS

Møre og Romsdal fylkeskommune



DET KONGELIGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Vedlegg ①

Høringsinstansene iht. liste

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2008/499	Avd. KUN
Løpenr.	Sns. PEL
05 MAR 2008	
Arkivdel:	Emne
Klassering P:	020
Klassering S:	

Deres ref

Vår ref  
08/557-1 CH

Dato 26 FEB 2008

**Forvaltningsreformen - høringsnotat om forslag til nye oppgaver til det regionale folkevalgte nivået**

Kommunal- og regionaldepartementet sender med dette på alminnelig høring forslag til nye oppgaver til det regionale folkevalgte nivået. Høringsnotatet inneholder en konkretisering av de oppgavene som var varslet i St.meld. nr. 12 (2006-2007) *Regionale fortrinn – regional framtid* og Stortingets behandling av denne, jf. Innst. S. nr. 166 (2006-2007). Kommunal- og regionaldepartementet koordinerer prosessen med gjennomføring av forvaltningsreformen. Ansvar for de utredningene som er foretatt tilligger det enkelte fagdepartement.

Ved departementets brev av 15. november 2007 ble fylkeskommuner og kommuner orientert om at fristen for å gi endelige innspill om regional inndeling ble utsatt slik at den faller sammen med fristen for å avgi uttalelse om forslagene til oppgaver (dvs. foreliggende høringsnotat).

Som vedlegg til høringsnotatet følger sammendraget av en utredning fra Norges Forskningsråd om innretningen på nye regionale forskningsfond. Vi ber om at det også sendes høringsuttalelse til denne utredningen som ligger på KRDs nettsider, se [www.regjeringen.no/krd](http://www.regjeringen.no/krd)

På grunnlag av foreliggende høringsnotat og uttalelsene til dette, vil Kommunal- og regionaldepartementet koordinere videre arbeid i de berørte departementene med sikte på fremleggelse av en samlet proposisjon til Stortinget høsten 2008. Proposisjonen vil inneholde både konkrete lovforslag om oppgaver og eventuelle forslag til endringer i

Postadresse:  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Kontoradresse:  
Akersg. 59

Telefon \*  
22 24 90 90 /  
Org. nr.:  
972 417 858

Kommunalavdelingen  
Telefaks:

Saksbehandler:  
Christine Hjortland  
22 24 72 06

221

fylkesinndelingen. Det vil dessuten bli redegjort for status i aktuelt utredningsarbeid i regi av det enkelte departement, samt departementenes oppfølging av Stortingets anmodningsvedtak av 10. mai 2007 om innspill fra kommuner og fylkeskommuner til ytterligere oppgaver til det regionale folkevalgte nivået.

Andre virksomheter, organisasjoner eller enkeltpersoner enn de som står på høringslisten kan også avgi uttalelse. Vi ber om at høringsinstansene videreformidler høringsbrevet til underliggende etater eller andre organer som kan ha synspunkter på forslagene.

Vi ber om at høringsuttalelser både til oppgaver og regional inndeling sendes departementet innen 30. april 2008. Svarene bes sendt til [postmottak@krd.dep.no](mailto:postmottak@krd.dep.no)


Av hensyn til videre arbeid, ber vi om at høringsuttalelsene redigeres slik at det fremgår tydelig hvilket departementsområde uttalelsen refererer seg til.

Høringsnotatet finnes i elektronisk versjon på [www.regjeringen.no/krd](http://www.regjeringen.no/krd)

Eventuelle spørsmål om prosess og lignende kan rettes til Kommunal- og regionaldepartementet v/Kommunalavdelingen. Spørsmål av faglig karakter bes rettet til vedkommende fagdepartement.

Med hilsen

Anne Nafstad Lyftingsmo  
Anne Nafstad Lyftingsmo e.l.  
ekspedisjonssjef

  
Christine Hjortland  
seniorrådgiver



KS  
Postboks 1378 Vika

6100 VOLDA

VOLDA, 03.04.2006

Vår ref  
PEL-06/00364

Løpenr.  
002647/06

Arkivkode  
02

Dykkar ref.

## **MELDING OM POLITISK VEDTAK - FORVALTNINGSREFORM - OPPGÅVER OG PRINSIPPER**

Vi melder med dette frå at KOMMUNESTYRET den 30.03.2006 hadde føre ovannemnde som sak 0022/06, der det vart gjort slikt vedtak:

*Volda kommunestyre viser til KS sitt brev av 8.2.06 og gjev fråsegn til saka i samsvar med saksframstillinga nedanfor, med følgjande tillegg/endingar:*

Til spørsmål nr. 1:

### **SAMFERDSEL**

*Flyplassar/kjøp av regionale flytenester:*

*Både stamrutenettet og korribanenettet er viktige deler av infrastrukturen her i landet, og Volda kommunestyre meiner staten framleis bør ha ansvaret for både flyplassar og nett, inkludert kjøp av flyrutetenester.*

### **UTDANNING**

*Volda kommunestyre meiner regionane skal ha ansvar for vidaregåande opplæring.*

*Staten bør ha hovudansvaret for høgare utdanning og FoU for å sikre frie og uavhengige universitet og høgskular og for å sikre den kompetanse og arbeidskraft samfunnet treng. Eit godt utbygd regionalt universitets- og høgskulesystem skal likevel vere nært knytt til regionane for å samordne tilbod og etterspurnad etter arbeidskraft i regionen og for å bidra til nyskaping ut frå regionale ressursar.*

### **KULTUR**

*Her vil Volda kommune i stor grad sei oss samd med saksutgreiinga frå Møre og Romsdal fylke.*

### **HELSE**

*Sjukehusa skal vidareførast som statlege helseforetak med regional inndeling.*

---

Postadresse:	Telefon:	Telefaks:	Org. nr.	939 760 946
Stormyra 2	70 05 88 58	70 05 87 01	Postgiro skatt	0827.5915190
6100 VOLDA	(dir.imvål til saksh.)	70 05 87 51	Bankgiro	3991.07.81727
		70 05 88 71		
Gateadresse:		70 05 88 56		
Stormyra 2		70 05 87 91		

# VOLDA KOMMUNE

Volda kommune

6101 VOLDA

Til spørsmål nr. 2:

*Før ein tek stilling til storleik på regionane, må fordelinga av dei politiske oppgåvene til dei enkelte nivå verte meir klarlagd.*

Saksutgreiinga med vedlegg følger vedlagt.

Med helsing

Volda kommune, Servicekontoret

*Anne-Karin Egset*  
Anne-Karin Egset  
sekr.

Kopi til:

Møre og Romsdal fylke, Fylkeshuset, 6404 Molde





Møre og Romsdal Fylke  
Fylkeshusa, Julsundveien 9

6404 Molde

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2007/769	3825/2007	020	KUN/ PEL	08.05.2007

## REGIONINNDELINGA - HØYRING

Det vert vist til dykkar brev av 15.2.07.

Volda kommunestyre handsama saka i møte 3.5.07, sak 40/07. Det vart i møtet sett fram to forslag til vedtak, i tillegg til formannskapet si tilråding frå møte 30.4.07, men ingen av forslaga fekk fleirtal. Vi sender dykk likevel utskrift frå møteboka, saman med saksutgreiinga, slik at de kan sjå kva forslag som var oppe til røysting, og røystetala til kvart forslag.

I møteboka går såleis følgjande fram:

### Forslag 1: Formannskapet si tilråding:

*Volda kommunestyre meiner at regionreforma må gjenreise eit sterkt, regionalt og lokalt folkestyre der utviklinga må styrast av lokale og regionale folkevalde i kommunane og regionane. Fylkesmannsembetet bør endrast til regionale statlige kontor for tilsyns- og lovlegheitskontroll. Kommunestyret ber Stortinget gå lenger med omsyn til overføring av statlige oppgåver til det regionalt folkevalde nivå enn det St.meld. nr. 12, "Regionale fortrinn – regional framtid", legg opp til.*

*Med bakgrunn i Inst.S nr.166 frå kommunal- og forvaltningskomiteen om Regionale fortrinn – regional framtid meiner Volda kommune at ein forsterka fylkesmodell der Møre og Romsdal fylke vert ein region er både framtidretta og ein styrke for demokratiet. Volda kommune meiner at modellen med enhetsfylket må vidareførast og vidareutviklast.*

Formannskapet si tilråding fekk 11 røyster og fall. 15 røysta mot.

### Forslag 2: FRP v/Jon Georg Dale:

*Volda kommunestyre vil be Stortinget velge ein forvaltningsmodell der ein går vekk frå tre forvaltningsnivå. Volda kommunestyre meiner at Stortinget bør legge fleire av dei no fylkeskommunale oppgåvene til kommunane.*

FRP v/Jon Georg Dale sitt framlegg fekk 8 røyster og fall. 18 røysta mot.

**Forslag 3: SV v/Gunnar Strøm:**

*Volda kommunestyre meiner at regionreforma må gjenreise eit sterkt, regionalt og lokalt folkestyre der utviklinga må styrast av lokale og regionale folkevalde i kommunane og regionane. Fylkesmannsembetet bør endrast til regionale statlige kontor for tilsyns- og lovlegheitskontroll. Kommunestyret ber Stortinget gå lenger med omsyn til overføring av statlige oppgåver til det regionalt folkevalde nivå enn det St.meld. nr. 12, "Regionale fortrinn – regional framtid", legg opp til.*

*Nytt pkt.2*

*Volda kommunestyre meiner at det bør bli overført fleire oppgåver innan kultur, Innovasjon Noreg sin virkemidlar, forskning, utdanning, folkehelse og samferdsel.*

*Nytt pkt.3*


*Under ovannemnde føresetnader meiner Volda kommunestyre at Regionmodellen bør veljast, og då slik at grensene for det noverande Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal utgjer den nye regionen.*

SV v/Gunnar Strøm sitt framlegg fekk 6 røyster og fall. 20 røysta mot.

Administrasjonen si tilråding fekk 0 røyster under formannskapet si handsaming av saka i møte 30.4.07.

Dette til orientering.

Med helsing



Per Ernst Lundberg  
rådgjevar i næringsaker

Vedlegg: Administrasjonen sitt saksframlegg.

Kopi:  
Kommunal- og regionaldepartementet  
Boks 8112 Dep.  
0032 Oslo

Søre Sunnmøre Regionråd

## Skrinlegger regioner, øker oppgaver til fylkene

Regjeringen har bestemt seg for å skrinlegge planene om å dele Norge inn i regioner og endre fylkesgrensene.

Skrevet av: NTB (mandag, 25. februar 2008 20:23)

- Jeg ser ikke grunnlag for å tegne noe nytt norgeskart. Motstanden og uenigheten mellom fylkene ble for stor. I den forrige høringsrunden svarte 11 fylkeskommuner at de ønsket større regioner, mens naboene ønsket status quo. På grunnlag av slike holdninger, blir det feil å bruke tvang. Tanken om store regioner er derfor skrinlagt, sier kommunal- og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa (Sp) til NTB. Planene var å sette ut i livet en forvaltningsreform som ville redusere dagens 19 fylker til fra seks til åtte store regioner.

### Kan slå seg sammen

Statsråden sier imidlertid at alt ikke trenger å bli som i dag.

- Om noen fylkesting ønsker grensejusteringer eller sammenslåinger, er de velkommen til det. Men de må snakke med nabofylkene, sier hun.

Kleppa viser til at på Vestlandet ønsket Hordaland en stor vestlandsregion, men både Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane sa nei. Akershus ønsket en stor region, Oslo sa nei. I Nord-Norge ønsket Troms en region, mens Nordland og Finnmark ville ha overført deler av Troms til seg.

Det er heller ingen hemmelighet at det er delte meninger innad i regjeringspartiene om regioner. Blant dem som har uttalt seg lunkent om tanken er statsminister Jens Stoltenberg (Ap).

### Flere oppgaver

Kommunal- og regionaldepartementet legger nå ut et høringsbrev der det også blir foreslått å overføre flere oppgaver til fylkeskommunene.

- Vi foreslår overføring av oppgaver fra sju departementer til fylkeskommunene. Det gjelder oppgaver innen samferdsel, utdanning, forskning og næringsutvikling, sier Kleppa.

Stortinget vil få en sak om oppgavefordelingen tidlig i høst slik at ordningen kan gjelde fra 1. januar 2010.

Kleppa ser ikke forslaget om å legge regionene på is som noe politisk nederlag eller mageplask for regjeringen.

- Jeg har vært med på å debattere oppgavefordeling i fire tidligere stortingsmeldinger. Nå skjer det endelig noe. Jeg legger fram konkrete forslag om oppgaveoverføringer som betyr en styrking av det regionale folkevalgte nivået fra 2010, sier Kleppa til NTB.